

## Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 27.02.18

**Til stades:** Anita Haugen, Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvinen og Åse-Berit Fidjeland

**Meldt forfall:** Karine Tjørhom Myhra og Eva Marianne Tennfjord

### Sak 5/18: NBK- og RBK-nytt

#### 1) Temakurs Stavanger 19.-20. januar 2018

Solveig Marie og Åse-Berit informerte frå temakurset dei var på 19.-20. januar i Stavanger, der det vart fokusert på prosjektet KvinnerUT. Det er noko av det same som Bygda i bevegelse med fire turar i løpet av året, der to skal vera på tur og der to kan kombinerast med ville vekster. Åse-Berit refererte historia Sosan Asgari Mollestad, som leiar KvinnerUT, fortalde som eit døme på kva ho legg i integrering og inkludering. Sola BK hadde nett besøk av henne på sonemøtet sitt. Me kan samarbeida med vaksenopplæringa om dette til neste år.

Elles fortalde Elin Wood om birøkt og Oddny Bilstad om kvinnehelse med utgangspunkt i eigen familie, og det var kurs i heimesida. Der me la inn nokre endringar, men har gjort lite etterpå.

Solveig Marie minner om jenteturen som i haust går til Kroatia.

### Sak 6/18: Årsmøtesaker Rogaland BK

Me har ingen kommentarar til anna enn auka køyregodtgjering, som er OK, og auka medlemskontingent. Kontingent skal òg opp på årsmøtet til Noregs bygdekvinnelag. Legg RBK på kr. 25,-, vert kontingenten kr. 700,-, og det verkar høgt for mange. Då det var auke i kontingenten i 2015 fall fleire i frå, og me er redde for det nå òg. Om ein ikkje er aktiv, blir det lett å melda seg ut då.

NBK tar 84% og fylket 16% av kontingenten, og 64 lokallag har i tillegg eigen delkontingent (5-150 NOK). Me lurar på kvifor lokallaga ikkje får noko, og om det vert for topptung leiing sentralt. Kva kan ev. kuttast på fylkesnivå? Portoutgifter og medlemsblad kan vera aktuelt, men utgjær ikkje store summar, og ein kan nytta e-post. Sjølv føreslår RBK å kutta i aktivitet eller å auka kontingent og deltakaravgifter, eller ei blanding av dei tre.

Det er styremedlemmer som får mest att, t.d. tema- og inspirasjonskurs, samt årsmøte, som "kompensasjon" for arbeidet i styret.

**Sak 7/18: Årsplanaktivitetar**

a) Syshow av "kaffiveske" v/Ann Karin Sele går ut pga. sjukdom

b) Basar 16. mars

- i) Overskotet går til hjartestartar til Sirdal skiarena, Tjørhom
- ii) Sal av lodd på dei ulike butikkane står på dugnadslista
- iii) Dugnadslista er sett opp, og om det ikkje passar, må medlemmane bytta seg imellom
- iv) Gevinstar:
  - Solveig Marie: Skitrekka, Sinneshyttå, Interiørbutikken og Fjellbutikken
  - Anita: GP, hotellet og Tormod Ousdal
  - Tone: Omlidbutikken
  - Karine: Har lova å spørja på Tonstad, og Åse-Berit finn ut korleis ho ligg an
  - Åse-Berit: Sirdalsferie

c) Aktivitetsdag på Kvæven 31. mars

Me har blitt spurde om å arrangera skirenn for barn kl. 12.00-14.00, men me saknar eit vedlegg som er lova i e-posten og er usikre på om dette er rein dugnad. Påsken er ei travel tid i Øvre Sirdal, så me takkar nei.

d) Blometur Wiig gartneri

Solveig Marie har ansvar for organisering, og me finn ein stad der me kan ta ein matbit på veg heim, t.d. Lura turistheim eller på Bryne.

Dei andre aktivitetane tar me opp på neste styremøte.

**Sak 8/18: Anna nytt**

a) Solveig Marie har vore på kurs om **Tilskuddsportalen**, og det er mange stader ein kan søkja om tilskot. Det er mange søkjeord, og Solveig Marie sender ut brukarinnlogging til styremedlemmene.

b) Solveig Marie planlegg ei **kalenderheimeside**, sirdalinfo som ho monitorerer, der alle lag og foreiningar kan leggja inn arrangement eller sjekka om eigne planar kolliderer med andre arrangement. Ho har ei spørjeundersøking ute, og Åse-Berit svarar på denne for SBK. Kommunen og kyrkja er positive, men alle må vera aktive om dette skal fungera. Dei fleste som har svart så langt, seier dei er villege til å betala kr. 500,- for deltaking, og SBK går opp til maks 750,-. (På undersøkinga vert det 500,-, for neste alternativ er 1000,-.)

c) Ryddeaksjon - les s. 29 i Sirdalsmagasinet nr. 1/18

d) Solveig Marie og Stian Hiim planlegg **føredrag med tema Psykisk helse - "Vårinn i Sirdal 2. mai"** på kulturhuset kl. 18.00-21.00. Det blir to føredrag, "Sommarfugleffekten" og Lars Zachariassen (ein million skritt på 100 dagar). Ungdomsskuleelevar får sponsa billetten, og Solveig Marie lurar på om SBK skal la dette vera ein medlemsfordel og sponsa billetten à kr. 100,- for medlemmene sine. Det skal vera sal av mat i pausen ved Nina og Bahati house, og etter forslag få Tone, hjelper me heller Nina med baking og sal. Vil ein på desse føredraga, har ein råd til å betala billetten. Tone sjekkar ut kva Nina treng hjelp til, og så oppfordrar me medlemmene våre til å hjelpa til.

**Sak 9/18: Nye innbuarar**

Åse-Berit har endeleg vore hos Trine Grete Josdal og Hans Kristina Fjeldsaa og Solveig Marie har framleis att å besøkja Eivind Klemetsen. Fleire nye innbuarar veit me ikkje om som har flytta til per nå.

**Sak 10/18: Høyring "Forskrift om nedsett konsesjonsgrense i Sirdal kommune, jf. forvaltningsloven §37"**

Sjå sjølve høyringsuttalen, vedlegg 1

Åse-Berit fekk nokre kvadratiske lappar, og nokre tok med eit nøste til neste gong.

**Nytt møte:** Tysdag 24. april kl. 18.30 på personalrommet Sinnes skule